

#### **Skildring av program 4**

Konserten Salte hav-valser med Gabriel Fliflet og Richard Burgess. Shetlandriler, engelske songar og norske viser. Trekkspel, gitar og concertina.

Sjukeheimen på Frekhaug

#### **Skildring av program 5**

Bymann og stril – 2 foredrag med Tryggve Fett. Foredraget prøver å beskrive forholdet mellom bymann og stril og nærme seg ei forklaring på kvifor forskjellane var så mykje sterkare her enn rundt andre norske byar.

Eit tema dei fleste i målgruppa her i Meland har kjent på og opplevd.

Stad: Eldresenteret (Sjukeheimen) og Ul Framsteg på Rossland

#### **Skildring av program 6**

Musikkstunder med profesjonelle lokale musikarar. 4 besøk på sjukeheimen og dei ulike avdelingane i løpet av 2018.

Konsertar med musikk og song der bebruarane deltek i songen.

Stad: Avdelingar på sjukeheimen på Frekhaug

#### **Skildring av program 7**

Foredrag med Jan Spurkeland om lokal kultur og miljø. Foredraget er lagt til Rådhuset i samband med aktivitets og inspirasjonsdag for seniorar i Meland 30.september. I samarbeid med besøkstenesta i Meland får alle bebruarane på sjukeheimen tilbod om å delta på arrangementet og bli fulgt fram og tilbake.

Stad: Rådhuset på Frekhaug

#### **Skildring av program 8**

Filmframsyning av filmen «To søsken».

Stad: Eldresenteret på sjukeheimen på Frekhaug.